

skyss 





Generell informasjon om skoleskyss til kommunekontaktar

Juni 2018


Innhold:

1. Skoleskyss generelt
2. Samhandling og dialog med kommunar
3. Kort om økonomi/ fakturering
4. Kort om CERT

1. Skoleskyss generelt

Om skoleskyss

- Skoleskyss har heimel i prinsipp om at elevar skal få oppfylt retten til grunnopplæring uavhengig av økonomisk bakgrunn, bustad og geografi. Gratis skyss er eitt av elementa for å oppfylle lik rett til opplæring.
- Ansvar for skoleskyss var fram til 2015 delt mellom Skyss og samferdselsavdelinga i HFK. Frå og med 2015 er hovudansvaret for skoleskyss samla hjå Skyss.
- Faggruppe skoleskyss består i dag av faggruppeleiar, rådgjevarar, saksbehandlarar og en kundekonsulent.




Organisasjonskart. Skyss 2018

Skoleskyss

- Om lag 20 000 elever får innvilga skuleskyss kvart år.
- 33 kommunar i fylket:
 - 291 grunnskoler
 - 52 vidaregåande skoler
- Aukande trend for behov skoleskyss
 - Delt omsorg
 - Privatskoler
 - Nedlegging/samanslåing av skoler
 - Lokalisering av ulike studieretningar


Tal elever - skoleskyss



Kilde: SSB/ KOSTRA

Skoleskysselevar per kommune

Skoleskysse elever per kommune
skoleår 2017-18 pr. april 2018



Kilde: Cert

Samordning og ansvar for skoleskyss

Opplæringslova § 13-4

- **Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen**
- **Utgangspunktet er retten til å gå på nærskolen**

Finansiering av skoleskyss er delt slik:

Kommune

- Betaler refusjon etter persontakst (elevar og vaksne i grunnskole)
- Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg under 2/4 km (t.d. vinterskyss)
- Reisefølge og tilsyn (førskelebar, grunnskoleelevar og vaksne)
- Skoleskyss på bakgrunn av kommunalt vedtak (t.d. annen skole enn nærskolen)

Fylkeskommune

- Ordinær skoleskyss i grunnskole over 2/4 km og vidaregåande skole over 6 km
- Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg over 2/4 km
- Individuelt tilrettelagt skoleskyss for elevar med medisinsk behov, eller der det manglar kollektivtilbod



2. Samhandling med kommunar

Samhandling med kommunar – *vi satsar stort på det!*

- Skyss ser eit stort potensial i ein betre samhandling og dialog med kommunane om administrasjon og gjennomføring av skoleskyss, og har jobba med å etablere eit betre system og rutinar for dette. God samhandling med kommunar bidrar til at skoleskyssen blir forvalta meir effektivt i samsvar med lovkrav, og til å sikre kvaliteten på skyssstilbodet for den einskilde elev.
- Skyss har sett i verk eit program for å forbetre kommunikasjon og samhandling med kommunane. Planen inneheld ein modell i 3-nivå for kommunikasjon: kommunekontakt for skoleskyss, skoleskyssamling for kommunekontaktar og kontaktutval.
- Skyss har også, sidan 2017, kjørt informasjonsmøter med skolane.

Informasjonsmøter for skolar i Hordaland

- Sidan 2017 har Skyss organisert informasjonsmøter med skolar i fylket. Hovudformålet med disse møter er å friske opp kunnskapen om regelverk og forbetre kvaliteten på innhaldet i søknadsprosessen som igjen påverkar kvaliteten på planlegginga av skysstilbodet.
- I 2018 gjennomførte Skoleskyss 10 informasjonsmøter totalt, 4 i distrikt og 6 i Bergen.
Grunnskolar – 4 møter.
Vidaregåande skolar – 5 møter.
Private skolar – 1 møte.
- 211 representantar fra 149 ulike GSK deltok i informasjonsmøtene.

3-nivå modell for samhandling med kommunane

Overordna mål: Å forbetre kommunikasjon og samhandling om skoleskyss mellom Skyss og kommunar i Hordaland.

1. Kommunekontakt skoleskyss 2. Skoleskyssamling for kommunar 3. Kontaktutval

Kvifor?

Føremål: Å opprette ein formell kommunikasjonskanal mellom kommunane og Skyss i forhold til skoleskyss.	Føremål: Å skape en arena der Skyss og kommunekontakter kan diskutere meiningar, utfordringar og idear relatert til skoleskyss. Få gjensidig forståing av behov og felles forståing av lov og forskrift samt avklaringar kring praktisering.	Føremål: Å drøfte og søke løysingar på saker og utfordringar innan skoleskyss som fører til ein meir effektiv bruk av ressursane og til ein betre skoleskysssteneste for elevar i fylket.
---	--	---

Kven?

Enkelt kontaktpunkt for kommunen. Må formelt utpeikast som "kommunekontakt skoleskyss".	Dei 33 kommunekontaktane for skoleskyss i fylket.	Kommunerepresentant per region (4-5). Representant for Fylkesmann/Udir. Representant for Skyss.
--	---	---

Kva?

"Kvardagsspørsmål", utfordringar, problemstillingar og spesifikke saker for kommunen.	Oppløving av skoleskysssteneste. Utfordringar. Rutinar. Tolking og praktisering av lov og forskrift. Forslag, forbettringsidear.	Heilskapleg planlegging av skoleskyssen i kommunane for at ressursane blir nytta mest mogleg effektivt. Tolking og praktisering av lov og forskrift. Prinsippell drøfting av saker som gjeld heile fylket. Økonomiske utfordringar og avklaringar. Ansvarsfordeling. Skoleskyssutfordringar i fylket, samt praktiske og økonomiske moglege løysingar.
---	--	--

Kor ofte?

Etter behov.	Årleg	2 ganger per år (fleire etter behov).
--------------	-------	---------------------------------------

Korleis?

Direkt kontakt.	1-dagssamling. Fast agenda i tillegg til førehandsmeldte forslag til diskusjon frå kommunerepresentantar.	Faste møte (fleire etter behov). Fast agenda i tillegg til førehandsmeldte forslag til diskusjon frå representantane.
-----------------	--	--



Kommunekontakt skoleskyss

Utfordringer og forslag til temaer

- Samordning av retningslinjer / rutiner
- Tolking og praktisering av lov og forskrift (delt bustad, SFO, ventetid, reisefølge, private skoler)
- Tidsfrister (søknadsinnmelding, endringer i start- og sluttider)
- Optimering av ressurser (skoleruter og start- og sluttider)
- Kvalitet av søknader
- Skoleskyss pga. særlig farlig veg
- Informasjon i Cert (oversikter, rapporter, registrering)
- Kommunikasjon med operatørane (buss og drosje)
- Fakturering og kostnadsoversikt
- Kommunar/ skolar sine egne planer, rutinar og fristar (skolekrinsar, nedlegginger, vedlikehald av skoler)



Samhandling og vegen vidare

1. Kommunekontakt skoleskyss

- Alle 33 kommunekontaktar er avklart (lista over kommunekontaktar er vedlagt)
- Ein-til-ein kontakt er allereie i gong

2. Skoleskyssamling for kommunar

- Første samling planleggast til oktober 2018
- Dato og tentativ agenda sendes ut rundt skolestart 2018-19

3. Kontaktutval

- Samhandling med KS kommunalsjefnettverk for oppvekst i Hordaland i forbindelse med val av representantar til utvalet
- Fylkesmannen ved Utdanningsavdelinga har godtatt invitasjonen til å delta i utvalet



4. Kort om økonomi/ fakturering

Økonomisk refusjon for kommunal andel

- Ordinær skoleskyss:
 - Kommunen betaler refusjon etter persontakst/billettakst (minstetakst barn for den aktuelle strekninga)
 - Kommunen blir fakturert minstetakst for to turar per dag i 190 dagar pr. skoleår
 - Fakturaperioden går over 11 periodar, 5 på hausten (totalt 90 dagar) og 6 på våren (totalt 100 dagar)
- Kommunalt vedtak (KV):
 - Kommunen betaler den faktiske reisekostnaden
 - For elevar med drosje må kommunen betale den reelle drosjekostnaden
 - Skyss har to ulike modellar for fakturering av KV-skyss, ein bymodell og ein distriktsmodell

Fakturering av tilrettelagt skoleskyss med drosje

- Bymodellen:
 - Drosjeselskapa fakturerer kommunen direkte for KV-skyss.
 - I bymodellen er det fastpris pr. elev for dei ulike anbudsområda.
- Distriktsmodellen:
 - Operatør sender alle fakturaer for tilrettelagt transport til Skyss.
 - Fakturagrunnlaget for KV-skyss er basert på transportoppsettet frå operatør.
 - Skyss har ein metode for berekning av refusjon kommunal andel.
 - I distriktsmodellen er det turpris basert på km. (mange elevar og lange avstandar)
 - Kvar elev sin totalsum blir rekna ut og kostnad fordelt på faktisk reiselengde.
 - Skyss fakturerer kommunane halvårleg (juni og desember)





4. Kort om Cert

Cert

- Cert er systemet som Skyss bruker for å administrere skoleskyss i fylket.
- Nyttige oversikter kan hentes direkte fra Cert; til dømes antall elever med skoleskyss totalt og antall elever med KV-skyss.
- Det er ønskeleg at alle kommunekontaktar har tilgang til Cert og kan følge opp søknadar i sin kommune.
- Brukermanualen for Cert finnes på www.skyss.no/skoleskyss

